



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 25.03.2019
Møtestad: Sosialrommet, Turbinen
Møtetid: 12:00 - 14:55

Tema:
Handlingsprogram og økonomiplan for 2020-2023

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Arne Normann	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Arne Normann, KRF

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Kenneth Stokke
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Kommunalsjef Samfunnsutvikling Helge Berset
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
12/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
13/2019	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
14/2019	FRAMLEGG TIL NY KOMMUNAL STRATEGI FOR SPEIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET, 2019 - 2022. OFFENTLEG HØYRING.
15/2019	HØYRINGSFRAMLEGG OM KOMMUNALE MÅL FOR HJORTEFORVALTNINGA I VAKSDAL KOMMUNE, 2019 - 2023
16/2019	OPPVEKSTTUN STAMNES - DRØFTINGSSAK
17/2019	VAKSDAL SKULE - BYGGEPGRAM OG KOSTNADSRAMME
18/2019	NY ALMINNELEG TAKSERING FOR EIGEDOMSSKATT
19/2019	ENDRING AV VEDTEKTER SOM GJELD REPRESENTASJON TIL KS SINE FYLKESMØTE OG LANDSTING – HØYRING



12/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 12/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

13/2019: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 13/2019 Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

14/2019: FRAMLEGG TIL NY KOMMUNAL STRATEGI FOR SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET, 2019 - 2022. OFFENTLEG HØYRING.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til ny SMIL-strategi for Vaksdal kommune, 2019-2022, vert sendt på høyring til lokale faglag i landbruket og offentlege forvaltningsmynde i tråd med Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, § 8.

Høyringa om SMIL-strategien skal kunngjerast i Vaksdalposten og leggjast ut på Vaksdal kommune sine nettsider. Strategien skal vere tilgjengelege i Innbyggjarservice for offentlig ettersyn.



Høyringsfristen vert sett til tre veker.

Etter høyringsrunden skal rådmannen leggje fram ei samanstilling og vurdering av innkomne uttalar, med endeleg framlegg til SMIL-strategi som grunnlag for politisk vedtak i kommunestyret. Alle uttalane skal leggjast ved saka.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Formannskapet ber administrasjonen tilføye følgjande tiltak som ein del av høyringa:

Støtte til tiltak som:

- a) Reduserer bruk av plast i landbruket?*
- b) Reduserer bruk av sprøytemidler/Glysofat i landbruket? (Jfr. kommunen sin eigen strategi)*

Framlegg frå Heidi Rongved, AP:

Kunngjering om høyringa vert sett inn i Hordaland, i tillegg til VaksdalPosten.

Røysting:

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Heidi Rongved vart samrøystes vedteke.

Oversendingsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 14/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til ny SMIL-strategi for Vaksdal kommune, 2019-2022, vert sendt på høyring til lokale faglag i landbruket og offentlege forvaltningsmynde i tråd med Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, § 8.

Høyringa om SMIL-strategien skal kunngjerast i Vaksdalposten og Hordaland, og leggjast ut på Vaksdal kommune sine nettsider. Strategien skal vere tilgjengelege i Innbyggjarservice for offentlig ettersyn.

Høyringsfristen vert sett til tre veker.

Etter høyringsrunden skal rådmannen leggje fram ei samanstilling og vurdering av innkomne uttalar, med endeleg framlegg til SMIL-strategi som grunnlag for politisk vedtak i kommunestyret. Alle uttalane skal leggjast ved saka.

Formannskapet ber administrasjonen tilføye følgjande tiltak som ein del av høyringa:

Støtte til tiltak som:

- a) Reduserer bruk av plast i landbruket?
- b) Reduserer bruk av sprøytemidler/Glysofat i landbruket? (Jfr. kommunen sin eigen strategi)



15/2019: HØYRINGSFRAMLEGG OM KOMMUNALE MÅL FOR HJORTEFORVALTNINGA I VAKSDAL KOMMUNE, 2019 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til kommunal temaplan om hjorteforvaltning i Vaksdal kommune 2019-2023, med overordna mål for forvaltninga, vert sendt på høyring til lokale hjortevald, lokale faglag i landbruket, nabokommunar, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland etter § 3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Høyring skal kunngjerast i Vaksdalposten og leggjast ut på Vaksdal kommune sine nettsider. Strategien skal vere tilgjengelege i Innbyggjarservice for offentleg ettersyn.

Høyringsfristen vert sett til tre veker.

Etter høyringsrunden skal rådmannen presentere ei samanstilling og vurdering av innkomne uttalar, med endeleg framlegg til temaplan, som grunnlag for politisk vedtak i kommunestyret. Alle uttalane skal leggjast ved saka.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Sigmund Simmenes stilte spørsmål om sin habilitet i saka. I medhald av fvl § 6 2. avsnitt, vedtok formannskapet samrøystes at han er ugild i saka.

Framlegg frå Heidi Rongved, AP:

Kunngjering om høyringa vert sett inn i Hordaland, i tillegg til VaksdalPosten.

Røysting:

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg som vart samrøystes vedteke. Tilleggsframlegget frå Heidi Rongved vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 15/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til kommunal temaplan om hjorteforvaltning i Vaksdal kommune 2019-2023, med overordna mål for forvaltninga, vert sendt på høyring til lokale hjortevald, lokale faglag i landbruket, nabokommunar, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland etter § 3 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Høyring skal kunngjerast i Vaksdalposten og Hordaland, og leggjast ut på Vaksdal kommune sine nettsider. Strategien skal vere tilgjengelege i Innbyggjarservice for offentleg ettersyn.

Høyringsfristen vert sett til tre veker.

Etter høyringsrunden skal rådmannen presentere ei samanstilling og vurdering av innkomne uttalar, med endeleg framlegg til temaplan, som grunnlag for politisk vedtak i kommunestyret. Alle uttalane skal leggjast ved saka.



16/2019: OPPVEKSTTUN STAMNES - DRØFTINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Framlegg til innstilling frå Kjartan Haugsnes, SV:

- 1. Kommunestyret vil understreke hastemomentet i saka og ber om at oppveksttun Stamnes vert realisert i 2019.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare med alternativ 2: «Justert arealprogram og kostnadsramme innafør rammeavtalar» under forutsetning at det vert gjennomført ein god, prosess saman med referansegruppa.*
- 3. Kommunestyret aukar ramma for prosjektet med 500 000 øyremerka uteområde på Stamnes skule.*

Framlegg frå Arne Normann, på vegner av AP, KRF, SP:

Kommunestyret vedtek å oppretthalda dagens ordning med barnehage og skule der dei ligg i dag.

Røysting:

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre - 5 røysta for Arne Normann sitt framlegg (AP, SP, KRF) som vart vedteke.

Saka skal til vidare behandling i kommunestyret.

FPØ - sak 16/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtek å oppretthalda dagens ordning med barnehage og skule der dei ligg i dag.

17/2019: VAKSDAL SKULE - BYGGEPGRAM OG KOSTNADSRAMME

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare på innløyising av eigedommane A,B og C som vist på kartet. Kostnaden for dette vert løyst innan total prosjektkostnad. Innløyising av desse eigedommane skal sikre:*
 - a) *Auka trafikktryggleik rundt skulen.*
 - b) *Større fleksibilitet for tomta og større uteareal*
 - c) *Sikre areal om det vert aktuelt å bygge samfunnssal på tomta.*
3. *Kommunestyret set tal uforutsette utgifter til 10 % som for prosjektet nye Dale barne og ungdomsskule.*

Røysting:

Punkt 1 i framlegget frå Kjartan Haugsnes er identisk med rådmannen sitt framlegg til vedtak. Det vart difor røysta over framlegget frå Kjartan Haugsnes, som vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 17/2019 Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.
2. Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare på innløyising av eigedommane A,B og C som vist på kartet. Kostnaden for dette vert løyst innan total prosjektkostnad. Innløyising av desse eigedommane skal sikre:
 - a) Auka trafikktryggleik rundt skulen.
 - b) Større fleksibilitet for tomta og større uteareal
 - c) Sikre areal om det vert aktuelt å bygge samfunnssal på tomta.
3. Kommunestyret set tal uforutsette utgifter til 10 % som for prosjektet nye Dale barne og ungdomsskule.

18/2019: NY ALMINNELEG TAKSERING FOR EIGEDOMSSKATT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre ny alminneleg taksering i 2019, med verknad frå 01.01.2020. Rådmann får fullmakt til å innhente nødvendig bistand til gjennomføring av takseringsarbeidet.

- A. Kommunestyret vedtar å nytte kommunal taksering av alle eigedomar eller
- B. Kommunestyret vedtar å nytte formuesgrunnlag for bustadeigedomar frå Skatteetaen der dette er mogeleg og kommunale taksering for øvrige eigedomar



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes alternativ A i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FPØ - sak 18/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre ny alminneleg taksering i 2019, med verknad frå 01.01.2020. Rådmann får fullmakt til å innhente nødvendig bistand til gjennomføring av takseringsarbeidet.

Kommunestyret vedtar å nytte kommunal taksering av alle eigedomar

19/2019: ENDRING AV VEDTEKTER SOM GJELD REPRESENTASJON TIL KS SINE FYLKESMØTE OG LANDSTING – HØYRING

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal formannskap er samd i KS sine vurderingar at det er nødvendig å endra modellen for representasjon til KS sitt landsting og KS sine fylkesmøte.

Landstinget

Vaksdal formannskap meiner det er rett:

- å oppretthalda balansen mellom kommunar og fylkeskommunar, difor bør ca. 1/3 av delegatane koma frå fylkeskommunane,
- å skilja mellom små og store fylke.

Fylkesmøta

Vaksdal formannskap går inn for ein modell der:

- alle kommar er representerte,
- det er kortare intervall som avspeglar varierende kommunestorleik
- store kommunar og samanslåtte kommunar får auka sin representasjon
- store fylkeskommunar får auka sin representasjon noko, men mindre enn summen av dei samanslåtte fylka hadde før 1.januar 2020

Fylkesstyra

Vaksdal formannskap ser at det kan vera nødvendig å auka talet på styremedlemar noko i dei fylka som har slått seg saman, men meiner at 15 medlemar er eit for høgt tal.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.



FPØ - sak 19/2019 Vedtak:

Vaksdal formannskap er samd i KS sine vurderingar at det er nødvendig å endra modellen for representasjon til KS sitt landsting og KS sine fylkesmøte.

Landstinget

Vaksdal formannskap meiner det er rett:

- å oppretthalda balansen mellom kommunar og fylkeskommunar, difor bør ca. 1/3 av delegatane koma frå fylkeskommunane,
- å skilja mellom små og store fylke.

Fylkesmøta

Vaksdal formannskap går inn for ein modell der:

- alle kommar er representerte,
- det er kortare intervall som avspeglar varierende kommunestorleik
- store kommunar og samaslåtte kommunar får auka sin representasjon
- store fylkeskommunar får auka sin representasjon noko, men mindre enn summen av dei samanslåtte fylka hadde før 1.januar 2020

Fylkesstyra

Vaksdal formannskap ser at det kan vera nødvendig å auka talet på styremedlemar noko i dei fylka som har slått seg saman, men meiner at 15 medlemar er eit for høgt tal.



TEMAMØTE OM ØKONOMIPLAN 2020-2023:

Her var og administrasjonsutvalet innkalla; formannskapet og arbeidstakarrepresentantane Thor Andersen frå Fagforbundet og Appia Paul Mkoba frå Sjukepleiarforbundet. Ein medlem frå Fagforbundet hadde forfall.

Økonomisjef og rådmann orienterte

Ordførar orienterte om prosessen vidare for økonomiplanarbeidet. Administrasjonsutvalet vil få formannskapet sitt framlegg til uttale.

Ordførar har motteke 2 henvendingar som han ba formannskapet behandla:

1. Søknad frå Vaksdal Hagalag om stønad til kampen mot brunsneglar. Kjartan Haugsnes gjekk frå som ugild i saka, i medhald av fvl § 6 1. ledd punkt c). Formannskapet vedtok samrøystes å gå inn for søknaden
2. Søknad om søtte til Trond Mohn games - eit friidrettsstemne på Fana stadion. Formannskapet vedtok samrøystes å takka nei til søknaden.

Orientering frå rådmannen:

Vedk. kompensasjon frå fylkeskommunen for sekretariatfunksjonen for Voss og Osterfjorden vassområde.

Spørsmål/kommentarar:

Heidi Rongved

Var glad for at flaggstanga på Vaksdal sjukeheim no er malt